
Fra: Eirik Netteland <eirik.netteland@ikah.no>
Sendt: 20. januar 2016 15:38
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: Etterslep av eldre arkiv

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/27 - 1 / EN / 222

Dato:
20.01.2016

Etterslep av eldre arkiv

Interkommunalt arkiv i Hordaland har ordna dei kommunale arkiva frå 1837 – 1965 og publisert katalogar for alle kommunane i Hordaland. Vi reknar i utgangspunktet dette arbeidet som avslutta og har dei siste åra brukt ressursane på å hente inn arkiv frå perioden 1965 og framover. Vi har samtidig starta ordning av desse arkiva.

Vi har erfart at det er ein del etterslep ute i kommunane frå perioden 1837 – 1965 som skulle ha vore avlevert til depot, men vi har ikkje oversikt over omfang eller kva for kommunar det gjeld. Vi tar sikte på å starte arbeidet med å ta inn etterslepet i løpet av året, men i første omgang ønskjer vi å få oversikt over kor mykje arkivmateriale det er snakk om. **Vi ønskjer derfor ei tilbakemelding på om din kommune har etterslep av eldre arkiv som skulle ha vore avlevert. Vi ønsker samtidig informasjon om kva for arkivskaparar det gjeld, omfang og kor oversiktleg materialet er.**

Da alle ordningsressursane våre no går til ordning av arkiva frå 1965 og framover må det opprettast eigne avtalar for ordning av dette materialet mot ein pris per hyllemeter. Alternativt kan arkiva avleverast ferdig ordna. Etikettar, boksar og seriekodar må da godkjennast av oss på førehand.

Vi ønskjer tilbakemelding uavhengig om det er aktuelt å avlevere. Omfanget av etterslep kjem til å bli tatt i betraktning dersom vi skal planleggje å utvide depotkapasiteten.

Med venleg helsing

Eirik Netteland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.